

MØTEBOK FOR REPRESENTANTSKAPET I VØR

Det vart halde møte i representantskapet i VØR Måndag 16.12.19 på Miljøstasjonen. I forkant av møtet var det opplæring for representantskapet og styret sine medlemar og vara-medlemar.

Det formelle møtet tok til kl. 15.00. Møtet slutta kl. 15.45

Desse møtte:

Jan Henning Egset, Eldar Engelund, Ingebjørg Osdal, Pauline Vinjevoll, Olav Hope, Ingvild Aasen og personleg vara Ann Charlotte Humberset Fiskarstarand som møtte på vegne av Toril Hasfjord Bjørneset, som melde avbod. Kristin Riise møtte ikkje.

Jon Helge Bjørndal møtte på vegne av styret. Petter Bjørndal møtte på vegne av administrasjonen og førte møteboka.

Leiar i det avtroppande representantskapet Jan Henning Egset leia møtet.

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend med ny sak 14-19. Val av valnemnd til val i styret.

Ingvild Aasen og Pauline Vartdal Vinjevoll vart valt til å skrive under møteboka saman med leiar. Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Rep.sak: 11-19. Val av leiar og nestleiar i representantskapet.

Vedtak(7 røysteføre):

Jan Henning Egset vert valt til leiar i representantskapet for VØR.

Ingvild Aasen vert valt til nestleiar i representantskapet for VØR.

Handsaminga:

Pauline Vartdal Vinjevoll foreslo Jan Henning Egset som leiar

Olav Hope foreslo Ingvild Aasen som nestleiar.

Disse vart samrøystes valde.

Rep.sak: 12-19: Dagleg leiar sin rapport

Vedtak 7 røysteføre:

Representantskapet tar dagleg leiar sin rapport til orientering

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga

Rep.sak: 13-19 Referatsaker

Vedtak (7 røysteføre)

Representantskapet tar referatsakene til orientering

Handsaminga

Følgjande referatsaker vart lagt ut til møtet:

- Møteplan 2020 vedteke i styret 12 november 2019.
- KS: «Anbefaling om eierstyring, selskapsledelse og kontroll»

Rep.sak: 14-19 Val av valnemnd

Vedtak (7 røysteføre)


Representantskapet vel Jan Henning Egset, Ingvild Aasen og Pauline Vartdal Vinjevoll til medlemar i valnemnd for val til styret, som skal legge fram tilråding i neste representantskapsmøte.


Handsaminga:

Jan Henning Egset foreslo slikt framlegg til vedtak på bakgrunn av kommunestyra sitt vedtak i forvaltningsrevisjon av VØR.

Representantskapet vel Jan Henning Egset, Ingvild Aasen og Pauline Vartdal Vinjevoll til medlemar i valnemnd for val til styret, som skal legge fram tilråding i neste representantskapsmøte.

Rett utskrift 16.12.19


Jan Henning Egset
Møteleiar


Ingvild Aasen


Pauline Vartdal Vinjevoll


Petter Bjørdal Referent